

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.11.2011
Sakhandsamar: **Terje Arne Krokvik**
Saka gjeld: **Strategi for rentevurdering – val av fast eller flytande rente**

Arkivsak
2011/524/
Styresak 138/11 B

Styremøte 07.12. 2011

Forslag til vedtak

1. Styret tar saka til orientering, og sluttar seg til forslag om justerte føringar for val av rentebinding.

Oppsummering

Dette saka gir ein kort orientering om strategien og dei vurderingar som er knytt opp til denne når administrerande direktør foretar val mellom flytande og fast rente på låna i Helse Vest.

Helse Vest vil i kommande år legge opp til at ein i større grad enn tidlegare går for flytande rente på investeringslåna dersom det ikkje er forhold som tilseier at ein likevel bør velje fastrente.

Fakta

Det har sida hausten 2002 vore etablert ei låneordning der dei regionale helseføretaka har kunne ta opp lån hos staten til gjennomføring av investeringsprosjekt. Dei regionale helseføretaka blir gitt muligheit til å velje mellom flytande eller fast rente på desse låna. Ei eventuell rentebinding kan gjerast ved rentetermin som er den 1/1 og 1/7 kvart år. Dei alternative bindingstider er 3, 5 eller 10 år.

Som grunnlag for dei vurderingar som blir gjort i forhold til rentefastsettinga ligg Helse Vest sitt finansreglement som blei vedtatt av styret i Helse Vest den 17.09.2002. I denne er det presisert at finansporteføljen skal forvaltast heilskapleg kor ein søker å oppnå best mulig rentenetto over tid utan nokon form for spekulative innslag. I avveginga mellom auka avkastning og redusert risiko skal ein leggje vekt på låg risiko.

I styresak 115/05 O "Handtering av lån – eventuell rentebinding" som blei behandla i møte den 14/12-2005, blei det gjort greie for prinsippa som skal bli lagt til grunn for vurdering av eventuell binding av renta på lån til investeringar. I avveginga mellom lågast mulig rente og lågast mulig risiko er det i styresak 115/05 lagt opp til følgjande spreieing av renta på lånevolumet:

- Ca 25% av innlånsvolumet har flytande rente
- Ca 25 % av innlånsvolumet har fast rente
- Resterande del av innlånsvolumet blir vurdert i høve til marknadssituasjonen


Helse Vest har i avveginga mellom muligheita for kortsiktig gevinst og stabile føresetnader fram til no valt å ha ein høg del med fastrentelån. Grunnlaget for dette er den økonomiske situasjonen som fram til 2009 var krevjande. I 2010 gjekk føretaksgruppa i økonomisk balanse, og utsikta for 2011 og framover ser positiv ut. Dette inneber at Helse Vest i tida framover kan vurdere i større grad å leggje vekt på ei betre renteoptimalisering framfor stabile føresetnader. Det vil framleis bli lagt vekt på å halde ein låg risiko ved vurdering av rentebilde.

Kommentarar

Innafor den spreieinga av innlånsvolumet som er trekt opp i styresak 115/05 har administrerande direktør relativt bredt spelarom når det gjeld fordelinga mellom fast og flytande rente. I perioden fram mot finanskrisa som starta i 2008 har Helse Vest oppnådd positiv renteeffekt ved rentebinding. Dette bilde blei derimot endra gjennom 2009. I 2010 og 2011 er det med dagens rentebilde ein negativ renteeffekt knytt til fastrentelåna. Det er spesielt låna som blei konvertert til fastrentelån i 2007 og 2008 som viser størst negativ effekt i forhold til den flytande renta. Effekten av dette kan oppsummerast i følgjande tabell (tal i heile mill kroner):

Fastrente vs. flytande rente	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Gevinst/tap	-5,5	4,6	17,9	-13,0	-25,7	-17,4
Akkumulert effekt	-5,5	-0,9	17,0	4,1	-21,7	-39,0

Når ein ser på utviklinga i flyande rente og fast rente kan dette best illustrerast i følgjande diagram på neste side:



Som ein ser av kurvene har den flytande renta stort sett vore under dei faste rentene i perioden. Det som sjølvstøtt er avgjerande i forhold til renteoptimaliseringa er på kva tidspunkt ein valte å binde renta. Som ein ser falt og den flytande renta kraftig i kjølvatnet av finanskrisa. Det er dette som og er årsaka til at Helse Vest no har ein negativ renteeffekt knytt til fastrentelåna.

Fordelinga på lån som har fast og flytande rente var ved utgangen av oktober 2011 følgjande:

	Saldo	Fordeling	
Fastrentelån	1 869 420 654	63,2 %	
Byggelån - flytende rente	168 567 693	5,7 %	} 36,8 %
Netto driftskreditt *)	920 532 293	31,1 %	
SUM lån	2 958 520 640	100,0 %	

*) Netto driftskreditt er her samla driftskreditt i Norges Bank fråtrekt innskott på konsernkonto

Av den samla låneporteføljen har Helse Vest fastrente på 63 % av låna. I tabellen under er det vist når og med kva saldo desse fastrentelåna vil gå ut dei kommande åra. Det er og vist kva rentesats desse låna har:

	2012	2013	2014	2014	2015
Lån som går frå fast til flytande rente (mill. kroner)	185	331	116	450	513
Fastrente	4,70 %	5,70 %	3,45 %	3,04 %	3,00 %

Det er spesielt i 2012 og 2013 at dei låna med høgast fastrente vil falle vekk. Det er desse låna som vart bunden før finanskrisa slo til og rentebildet endra seg kraftig i favør av flytande rente. I ettertid har både flytande og fastrenta blitt lågare.

Konklusjon

Det er ein kjennsgjering at over tid vil den flytande renta vere lågare enn fastrenta. Den økonomiske situasjonen til Helse Vest er no slik at ein lettare kan handtere kortsiktige svingingar i rentenivået. Administrerande direktør vil derfor ved framtidige rentevurderingar i større grad legge vekt på å optimalisere rentenettoen. Ein bør derfor legge opp til at om lag 50% av låna skal ha flytande rente. Det vil i første omgang vere naturleg at fastrenteavtalane som går ut i 2012 og 2013 blir gjort om til avtaler med flytande rente.